



Søknad om fritak i fag

Sjå side 2 for informasjon om lovgrunnlag og konsekvensar.

Kopi til: Elevarkiv, vitnemålsansvarleg, ped.leiar, sakshandsamar for Lånekasse søknad, kontaktlærer, faglærer

Namn		
P.nr. (11 siffer)	Klasse	Skuleår

For skulen:

Søknaden gjeld fritak for fag i programområde:	Timar att pr./veke etter fritak
Søknaden gjeld fritak for vurdering i fag i programområde:	Kopi faglærer

For eleven:

FRITAK FOR FAG (FRIST 1. OKTOBER)

FAG	ÅRSAK (likeverdig eller meir omfattande opplæring: nivå, utdanningsprogram, år, skule)

For eleven:

FRITAK FOR VURDERING MED KARAKTER

FAG	ÅRSAK (Sjå informasjon om lovgrunnlag s. 2)

For eleven : Vedlagt dokumentasjon

Vitnemål (VM),årskursbevis (ÅB),fagkarakterbevis (FB),karakterutskrift (KU),eller annan dokumentasjon (A). Kopi av all dokumentasjon skal være lagt ved søknaden.

Dokumentasjon:	Kurs og skule, eller sakkyndig uttale:	Dato på dokumentasjonen:

Dato

Elevens underskrift

Føresette si underskrift, når eleven er under 18 år.

For skulen. Vedtak:

Søknaden vert innvilga/ikkje innvilga frå dato:

Dato

for Flora vidaregåande skule

Dette er eit vedtak etter reglane i Forvaltningslova. Du har klagerett. Vend deg til skulen for nærare informasjon.

Internt for skulen:

Fagkode	Endringar utført i SATS. Fagstatus, dokumentasjon, vitnemålkontroll. Informasjon gjeve til faglærer ved fritak for vurdering.	Sign/dato



REGLAR/KONSEKVENSNAR VED FRITAK FOR FAG/FRITAK FOR VURDERING MED KARAKTER I FAG.

Utdrag frå forskrift til Opplæringslova.

For å få vitnemål/fagbrev må alle fag i utdanninga normalt være bestått, jf § 3-42 og § 3-44 som gjeld unntak for elevar og lærlingar frå vilkåra for å få vitnemål i yrkesfaglege utdanningsprogram.

Fritak for fag eller delar av fag.

Fritak påverkar ikkje retten til å få kompetansebevis/vitnemål.

På kompetansebeviset vil det i fag med fritak i staden for talkarakter stå kvar og når eleven gjennomførte faget. På vitnemålet vil det stå standpunktkarakteren og året faget vart gjennomført.

Hovudregelen er at elevar kan søkje fritak for fag der ein tidlegare har bestått det same faget eller bestått likeverdig eller meir omfattande opplæring.

Utover dette finst desse grunnane for fritak:

§ 1-12. Fritak frå opplæring i kroppsøving

Rektor kan etter søknad gi elevar i vidaregåande opplæring fritak frå opplæring i kroppsøving. Eleven må leggje fram ei fråsegn frå lege som dokumenterer at opplæringa er til skade for eleven, og at tilpassa opplæring ikkje er mogleg. Rektor si avgjerd er eit enkeltvedtak.

§ 3-22. Fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål.

Elevar som har hatt rett til særskild språkopplæring på 8., 9. eller 10. årstrinn i grunnskolen eller på Vg1, Vg2 eller Vg3 i vidaregåande opplæring, kan få fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål.

Når ein elev i grunnskolen og vidaregåande opplæring får opplæring etter individuell opplæringsplan, avgjer foreldra eller eleven om eleven skal ha vurdering med karakter i skriftleg sidemål. Valretten gjeld berre dersom enkeltvedtaket om spesialundervisning omfattar skriftleg sidemål.

Elevar i heile grunnopplæringa og privatistar i vidaregåande opplæring har også rett til fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål dersom dei:

- a) på grunn av sjukdom, skade eller dysfunksjon som er diagnostisert av ein sakkunnig, har problem med å greie begge målforma
- b) ikkje har gjennomgått ungdomstrinnet i norsk grunnskole
- c) fylte vilkåra for fritak frå opplæring eller vurdering i skriftleg sidemål i grunnskolen, men på grunn av dokumentert saksbehandlingsfeil likevel ikkje fekk fritak.

Skoleeigaren skal stryke standpunktkarakter eller eksamenskarakter i skriftleg sidemål dersom en elev eller privatist som har fått innvilga fritak frå vurdering med karakter etter denne føresegna, likevel har fått vurdering i skriftleg sidemål.

§ 3-23. Fritak frå vurdering med karakter i faget kroppsøving i grunnskolen og i vidaregåande opplæring

Elevar som ikkje kan følgje opplæringa i kroppsøvingsfaget, skal få tilrettelagd opplæring så langt dette er mogleg for eleven. Elevar kan få fritak frå vurdering med karakter i faget når den tilrettelagde opplæringa eleven får ikkje kan vurderast med karakter. Avgjerda er eit enkeltvedtak.